



Når blir arbeidet ved ungdomsskulen i rosendal ferdigstilt, undrar mange. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi treng ikkje eitt år til med planleggjing og ansvarsfråskrivning. 15-20 år får vera nok. No ventar vi handling, skriv Øystein Skaala i eit innlegg om tilstanden ved Rosendal ungdomsskule. Der går det også mange frå Uskedalen.

Av omsyn til helse og arbeidsmiljøet til barna og dei tilsette ved skulen bør ordføraren saman med administrativ leiing avklara snarleg kva type og kor stor finansiering regjeringa i desse dagar tilbyr kommunane til vedlikehald av skulebygg, held Skaala fram.

- Vi ønskjer svar på kor tid arbeidet ved Rosendal Ungdomsskule blir ferdigstilt, skriv han.

Skaala nemner mellom anna at ein elev nnyleg stod fram og fortalde om helseplagane sine, som vart verre av opphaldet ved skulen. Det synes Skaala var svært modig.

Også gjennom dei tre åra han var i FAU var det mange foreldre som fortalde om barn som vart sjuke.

- Det provoserar meg kraftig at ein ungdom på nytt må stå fram med sine plagar i luftvegane og at skuleeigar på nytt bagatelliserar problema og freistar å privatisera slike helseplager.

For å redusera på reinhaldet må elevane gå på sokkeleisten heile året. Det blir mange våte og kalde føter. Kor mange av oss vaksne har det slik på arbeidsplassen vår, undrar Øystein Skaala.

Av Ola Matti Mathisen